



Slovenarar og elevar i Haugland gamle skule

Slovenarane frå kommunen Ormoz som besøker Kvinnherad frå måndag til laurdag denne veka får ei grundig innføring i norsk samfunnsliv før og no og då også skulen. I føremiddag var femteklassen på Malmanger skule aktørar i eit tablå på Haugland gamle skule med Kristian Olav Bringedal i si yndlingsrolle bak kateteret. Det meste var tidsriktig, frå antrekk via transport til timeplan og gjestene var svært engasjerte i det dei opplevde.



Den slovenske delegasjonen ved skulemuseet

Elevane har tydelegvis besteforeldre som er flinke til å spare på gamle plagg, for klassen såg ut som om den var frå 1950-talet. Transporten frå Rosendal til skulehuset og attende gjekk føre seg i HSD-bussen frå 1964 som no er restaurert i 3000 timar og i topp-stand. Og skulemeistaren gjennomførte dagen slik han plar gjera med bibelsoge i første timen og bruk av kuleramme i reknetimen. Ein av gjestene, geograf og radiojournalist Bostjan Najzar måtte opp og visa på eit kart frå 1925 kor Slovenia låg og ligg men ellers var dei 9 i delegasjonen lydhøre observatørar. 4 av dei er forresten lærarar, 2 bibliotekarar, ein geograf og to ansatte på pleieheim. Ein hadde sjukdomsforfall.

Dette er eit Comeniusbesøk, noko som betyr at EU dekkar rekninga. Slovenarane er formidla til vår kommune gjennom den internasjonale avdelinga i fylkeskommunen og svært varierte opplevingar ventar dei. I kveld kjem dei til dømes på Helgheim for å oppleva Faulstad og Bjørkum og kanskje få seg ein norsk svingom. Imorgon skal dei på eldrekafe på Malmanger skule og oppleva både bre og fjord. Torsdag er ein fagdag og fredag ventar Baroniet.

Gjestene kjem ikkje frå eit land som er i krise, men som har klart seg etter måten bra gjennom all turbulensen i denne delen av Europa. 10 prosent utan arbeid er ikkje så mykje i EU-målestokk. Ikkje desto mindre kan ein registrera EU-skepsis også blant slovenarar som minnar om at alle hadde jobb då Tito hadde makta. I Ormoz er dei glade for å ha ein storbedrift med 900 ansatte - solbrilleprodusenten Carera.

Elles er det interessant å høyra at slovenerane skal byggja ut Planica slik at bakken igjen blir større enn Vikersund.
- Vi skal slå Noreg, lovar ein i delegasjonen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Bostjan Najzar viser kvar landet hans ligg



Helene Bjørge vart beden om å bruke kuleramma